



Byggraad AS
Fleslandsvegen 235A
5258 BLOMSTERDALEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1527 - 19/21217

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

14.10.2019

Godkjenning -Igangsettingsløyve for delar av tiltaket - tilbygg til einebustad - gbnr 27/207 Moldekleiv

Administrativt vedtak. Saknr: 249/2019

Tiltakshavar: Kim Andre Nygard

Ansvarleg søkjar: Byggraad AS

Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av delar av tiltaket – tømrararbeid for oppføring av to tilbygg til einebustad på gbnr 27/207 Moldekleiv.

Kommunen har i vedtak av 03.07.18 gjeve rammeløyve i DS 151/2018. Det vart gjeve igangsettingsløyve for plastøpte betongkonstruksjonar den 01.10.18.

Det vert elles vist til søknad motteken 12.09.19.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett når den vart motteken og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Ansvarleg søkjar Byggraad AS har oppdatert gjennomføringsplan versjon 3 motteke 12.09.19.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd løyve til igangsetting av tømrararbeid tilknytt to tilbygg i samsvar med søknad med vedlegg journalført 12.09.19.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Rammeløyve i sak 18/1527 datert 03.07.18 er gjeldande for tiltaket.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntaket.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan journalført 12.09.19. Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/1527.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar

Gebyr

Gebyret vert ettersendt i saka. Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Gjennomføringsplan
Erklæring om ansvarsrett
Søknad om igangsettingstillatelse

Kopi til:

Kim Andre Nygard

Ådlandsvegen 319 5918

FREKHAUG

Mottakarar:

Byggraad AS

Fleslandsvegen 5258
235A

BLOMSTERDALEN